

The Diamond Stars

av Maya van den Heuvel-Arad (Nederland/Israel)

Omsetjing: Unn Catodotter Fyllingsnes

Regi: Øystein Ulsberg Brager & Philip Thorne

Medverkande: Daniel Rodrigo Nilssen, Emil Rodrigo Jørgensen, Nina Woxholt, Rune Løding,

Øyvinn Berven

Regiassistent: Espen Hjort

Dramaturg: Otto Homlung

Takk til: Den Nederlandske Ambassaden, Dramatikerforbundet, Norsk Skuespillersenter, Siri Nicole Ingemann, venner og familie

Delar av teksten er stroken. Om du er interessert i å lese teksten i heilskap kan du kontakte OIT på oslointernasjonaleteater@gmail.com

Nokre ord frå regisorane

Med *The Diamond Stars* byrjar vi utforskinga av internasjonalt samtidsdramatik i år. Kven rundt om i verda skriv dramatikk, og om kva? I løpet av mai og juni kan du få fem svært ulike svar på dette spørsmålet. Målet med all kunst, vil vi påstå, er å betre kunne forstå oss sjølve, omstenda våre og tilhøvet til verda kring oss. Vi er alle ein del av eit komplekst system bygt på sosiale, kulturelle og politiske tilhøve - lokalt og internasjonalt. I dette kaoset av kjensler og føresetnader, treng vi kunst til å fortette opplevingane våre og til å hjelpe oss å trekkje nokre liner mellom dei tilsynelatande tilfeldige punkta som utgjør eksistensen vår. Eller til å skape kaos av det vi trur er orden, og hjelpe oss å sjå nye mønster. Til å fortelje oss historier om korleis menneska våre har det, for å gi oss eit høve til å engasjere oss i andre lagnader enn vår eigen. Velkommen til vårens fem dramatiserte lesingar - fem vindauge mot verda, fantasien og verkelegheit!

- Philip Thorne og Øystein U. Brager

Om stykket

På utsida av ein skyskrapar heng Seifu og Amadu, to flyktningar frå Sierra Leone. Dei har vorte samde om å ikkje snakke om fortida; det er korkje tida eller staden for eit oppgjør. Medan dei vaskar vindauga følgjer dei med på ei anna og utilgjengeleg verd av velstående forrettingsfolk. Stykket utforskar avstand og nærleik på mange nivå; sosialt, økonomisk, politisk og geografisk, gjennom ein sterk visuell metafor. Verda vert kanskje mindre, men nokre avstandar verkar uoverstigelege. Og kor lenge kan dei halde fortida på avstand?

Om dramatikaren

Maya van den Heuvel-Arad er dramatiker og dramaturg, opphavleg frå Israel men bur i Amsterdam. Ho har skrive for teater, film og fjernsyn på engelsk og hebraisk, og skriv også teoretisk om teater. Ho arbeider fast med regissør Sanja Mitrović, og har sidan 2009 vore dramaturg for Ilay den Boer i arbeidet med den prisvinnande serien *Het Beloofted Feest* (*The Promised Feast*). Med *The Diamond Stars* vann ho UNESCOs internasjonale dramatik konkurranse i 2010.

Om Sierra Leone

Sierra Leone er eit lite, fjellrikt land på vestkysten av Afrika, med ein folkesetnad på om lag 5 millionar. Landet har 16 forskjellige etniske grupperingar, kvar med sine egne skikkar og sitt eige språk. Landet opplevde ein brutal borgarkrig frå 1991 til 2002, der over 2 millionar menneske vart flyktningar. *Revolutionary United Front* (RUF) var ei sierraleonsk opprørsgruppe og ein av hovudaktørane i borgarkrigen i Sierra Leone. RUF omdanna seg sidan til eit politisk parti som

eksisterte fram til 2007. Dei tre øvste attlevande leiarane for RUF, Issa Sesay, Morris Kallon og Augustine Gbao, vart dømde for krigslovbrot og lovbrøt mot menneskeheita i februar 2009.

Under borgarkrigen vart valdtekt av kvinner brukt systematisk av både styresmaktene og av RUF. Maya van den Heuvel-Arad har i samband med *The Diamond Stars* forska på dette fenomenet. Mange av historiene til valdtektofrå har i etterkant av borgarkrigen vorte samla og gjort kjende, mellom anna av nettvisa African Online News. Her gir vi att ein forkorta versjon av eit av disse vitnesbyrda, for å gi ei stemme til den stumme Fatmatu i stykket:

"Vi kom til Dankawali Checkpoint der rebellane bad oss stå på rekke. Dei undersøkte eidedelane våre og tok dei dei kunne ha bruk for. Dei okkuperte ein gammal skolebygning, og bad alle kvinnene komme inn dit ei etter ei. Da det vart min tur, var det fem menn der inne. Ein av dei løfta opp skjortet mitt så dei kunne sjå om de likte låra mine. Dei sa at dei ville eg skulle ha det fint, før dei reiv av kledda mine. Den første valdtok meg tre gonger medan han spurde alle slags spørsmål. Så valdtok den andre meg to gonger. Det byrja å gjere vondt, så eg tilbaud den tredje dei pengane eg hadde att, slik at han skulle slutte etter berre ein gong. Den fjerde mannen spurde meg kva for ei stamme eg høyrde til. Så sa han at han berre ville valda meg ein gong, fordi han hadde ein god venn som var ein *temne*, slik som meg. Før den siste brukte meg var eg svimmel og hadde store smerter. Eg hadde slutta å reagere, og eg trur han merka det, for han gjorde det sakte og reiste seg etter eit par minutt og gjekk sin veg."

- *Kadiatu, 32 år*

Kjelder: Wikipedia, Sierra Herald, Amnesty International & African Online News

Om OIT

Oslo Internasjonale Teater produserer jamleg dramatiserte lesingar av internasjonalt samtidsdramatikk som ikkje har vore omsett eller spelt i Noreg tidlegare. OIT er eit tilbod til dei som er interesserte i samtidsdramatik og ønskjer å oppdage nye dramatikarar og skodespel, anten det er teater, frie grupper eller teaterskapparar på utkikk etter stykke å setje opp, dramatikarar som ønskjer inspirasjon til sitt eige arbeid eller vanlege teaterpublikumarar som ønskjer å sjå nye verk. Vi har eit breitt, internasjonalt nettverk som vi brukar i arbeidet med å oppdage dramatiske verk. OIT vert drive av det internasjonale teaterkompaniet Imploding Fictions.

Stykke OIT har gjort så langt

White Rabbit, Red Rabbit av Nassim Soleimanpour (Iran) / *Motortown* av Simon Stephens (Storbritannia) / *Sannheten Skal Frem* av Jordan Seavey (USA) / *The Mercy Seat* av Neil LaBute (USA) / *Hodefotingen* av Esther Gerritsen (Nederland) / *Medealand* av Sara Stridsberg (Sverige) / *Nattblind* av Darja Stocker (Sveits) / *Forseten* av Chay Yew (Singapore) / *De Onde* av Niklas Rådström (Sverige) / *Flap and fear* av Darren Lenigo (Storbritannia) / *Her står tittelen til dramaet om Ante* av Ivor Martinic (Kroatia) / *Sort Dyrs Sorg* av Anja Hilling (Tyskland) / *The Fever* av Wallace Shawn (USA) / *Forsøk på livet* av Martin Crimp (Storbritannia) / *Sju jødiske barn* av Caryl Churchill (Storbritannia) / *Sju andre barn* av Richard Stirling (Storbritannia)


Er du interessert i å setje opp eit av stykka som OIT har presentert? Vi hjelper gjerne til med å formidle kontakt i samband med rettar for både originalverket og omsetjinga.

www.oslointernasjonaleteater.com

www.detnorsketeatret.no

det norske teatret

i samarbeid med



presenterer

The Diamond Stars

av Maya van den Heuvel-Arad (Nederland/Israel)

Ei dramatisert lesing

Tysdag 15. mai kl. 19.30 og onsdag 16. mai kl. 19.30
Scene 3 på Det Norske Teatret

DRAMATISERTE LESINGAR VÅREN 2012

OIT & Det Norske Teatret presenterer:

THE DIAMOND STARS av Maya van den Heuvel-Arad (Israel)
15. - 16. mai kl. 19.00

FIXER av Lydia Adetunji (britisk-nigeriansk)
23. - 25. mai kl. 19.00

CLYBOURNE PARK av Bruce Norris (USA)
31. mai - 2. juni kl. 19.00

HAMLET ER DØD av Ewald Palmethofer (Østerrike)
6. - 13. juni kl. 19.00

FEM DAGAR I MARS av Toshiki Okada (Japan)
14. - 16. juni kl. 19.00

Billetter: www.detnorsketeatret.no / 22 42 43 44



OIT er drive av Imploding Fictions
www.oslointernasjonaleteater.com

det norske teatret


NORSK
KULTURRÅD


STIFTELSEN
FRITT ORD